

Meir samarbeid mellom skulekorpsa.

21.09.2018



Felleskorpset fotografert under Hordablæsten i april.

I vår samarbeidde Rosendal skulekorps og Uskedalen skulemusikk i ein periode fram mot Hordablæsten i Grieghallen. Dette var svært vellukka, og trass i kort innøvingsperiode gav dette eit godt resultat med kjekke opplevingar og ei flott plassering for dei unge musikantane. No legg styra i dei to korpsa opp til eit tettare samarbeid gjennom heile sesongen.



Frå fellesseminaret for nokre veker sidan der også Husnes skulekorps var med.

Det vert lagt opp til to fellesøvingar kvar månad. Den andre tirsdagen i månaden vert det øving i Uskedalen, medan det vert øving i Rosendal siste torsdag kvar månad. Dei musikantane frå Uskedalen som ønskjer det, kan sjølv sagt vere med på fleire torsdagsøvingar i Rosendal samstundes som rosendelingane er velkomne til å

vera med på øvingar i Uskedalen på tirsdagane. Første fellesøving vert i Rosendal torsdag 27.september kl.17.30 - 19.30.

Dei to korpsa vil også opptre saman på ulike konsertar både i Rosendal og Uskedalen, og vi gler oss mellom anna til å høyra dei under julekonserten i Uskedal kyrkje den 16.desember. Styra har sett opp ein aktivitets- og øvingsplan, og den fortel at dei også i 2019 satsar på å delta i Hordablæsten. Den går av stabelen 23. og 24.mars. Med samarbeidet gjennom sesongen vert det eit betre samspelet korps som kjem til å representera Kvinnherad i Grieghallen i Bergen i 2019.

At korpsa vel å samarbeida, er ei god løysing. Korpsa er kvar for seg i minste laget, men begge korpsa har svært flinke musikarar. Fordelinga på ulike instrument gjer også at dei utfyller kvarandre godt. Både sosialt og musikalsk vert dette eit klart pluss. Også praktisk er dette ei god løysing. Det vert t.d. langt mindre transport enn i mange andre aktivitetar. Dette er nok eit opplegg som vert til glede både for musikarar og publikum. Vi gler oss til å høyra korpset!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Anja Strüter og Thor Inge Døssland